



NORÆC

NORWEGIAN AGENCY FOR
EXCHANGE COOPERATION

ÅRSRAPPORT 2024



INNHALDSLISTE

1. Leiarens fråsegn	4
2. Introduksjon til Norec og hovudtal.	6
2.1 Hovudoppgåver og organisasjon	6
2.1.1 Instruks av 10. juni 2021	6
2.1.2 Leiing i Norec	7
2.1.3 Organisasjonskart	7
2.1.4 Lokalisering av Norec	7
2.2.2 Tildelingar og utnyttingsgrad	8
2.2 Utvalde nøkkeltal	8
2.2.1 Tilsette og årsverk.	8
2.2.3 Oversikt over prosjekt per land – utveksling	9
2.2.4 Oversikt over prosjekt per land – demokratifremje	9
2.2.5 Oversikt over norskfinansierte tilsette i FN-organisasjonar og Verdensbanken per land	10
3. Aktivitetar og resultat i 2024	12
3.1 Prioriteringar frå tildelingsbrevet.	12
3.2 Vurdering av måloppnåing	14
3.2.1. Mål 1: Målgruppene er kjende med og tek i bruk Norec som kompetansesenter	14
3.2.1.1. Styringsparameter 1: Auka kunnskap om Norecs kompetanse i målgruppene	14
3.2.1.2. Styringsparameter 2: Gode system for kunnskapsproduksjon og formidling.	17
3.2.2. Mål 2: Fleire sterke globale partnerskap for berekraftig utvikling	18
3.2.2.1. Styringsparameter 1: Fleire globale partnerskap får støtte frå Norec.	18
3.2.2.2. Styringsparameter 2: Styrkte partnerskap for berekraftig utvikling.	20
3.2.3. Fleire unge menneske har fått internasjonal arbeidserfaring og kompetanse innan berekraftig utvikling.	22
3.2.3.1. Styringsparameter 1: Fleire unge menneske har fått internasjonal arbeidserfaring	22
3.2.3.2. Styringsparameter 2: Unge menneske har fått kompetanse om berekraftig utvikling.	23
3.2.3.3. Styringsparameter 3: Auka norsk nærvær i internasjonale organisasjonar	25
3.3. Særskilde oppdrag i 2024.	27
3.3.1. Nettverk for norske tilsette i internasjonale organisasjonar	27
3.3.2. Flytting av evalueringsoppgåva frå Norad til Norec	28

4. Styring og kontroll i verksemda	29
4.1. System for internkontroll	29
4.2. Oppfølging av aktivitets- og utgreiingsplikta	29
4.2.1. Kjønnsbalanse, mellombelse stillingar, deltid og foreldrepermisjon	30
4.2.2. Likestillingsrapportering	30
4.2.3 Sjukefråvær	32
4.3 Førebyggjande sikkerheit	32
4.4 Varslingssaker	32
4.5 Fellesføringar frå regjeringa.	33
4.5.1 Systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk	33
4.5.2 Positiv utvikling i talet på tilsetningar av personar med funksjonsnedsetting	35
4.5.3 Reduksjon av konsulentbruken	35
5. Vurdering av framtidsutsikter	36
6. Årsrekneskap 2024	38



Foto: Maiken Solbakken/Norec

Kurs: I 2024 har Norec halde 49 kurs for eigne tilskotsmottakarar, like mange som i 2023.

1 LEIARENS FRÅSEGN

I mars 2024 kunngjorde Utanriksdepartementet at Norec i Førde skulle få minst 15 nye stillingar. Over halvparten av desse skulle arbeide vidare med evaluering av norsk utviklingsbistand, ein funksjon som fram til då hadde vore plassert i Norad.

Den nye avdelinga i Norec var operativ mot slutten av 2024.

2024 markerte også starten på ei ny tilskotsordning: demokratifremjing gjennom politiske parti. Denne ordninga hadde tidlegare også vore administrert av Norad. Ordninga er vedtatt i Stortinget og er tilgjengeleg for norske politiske parti og ungdomsparti som vil drive internasjonalt arbeid for å styrke demokratiutviklinga i andre land.

Heilt sidan Norec flytta frå Oslo til Førde i 2018, har organisasjonen vore i kontinuerleg utvikling. Vi har fått nye oppgåver frå departementet, og vi har rekruttert nye tilsette. Omstillingsevna i Norec er stor.

Stor er også kompetansen vår på å dokumentere resultat, lære av det som er oppnådd, og formidle kunnskapen til ulike målgrupper. Dei tilsette vurderer arbeidet vårt kontinuerleg. Det gjeld tilskot som blir gitt til mottakarar, og det gjeld måten vi forvaltar tilskot på.

Våre analysar av 101 prosjekt som har fått stønad frå Norec, syner at 86 % oppnådde tilfredsstillande teknisk kompetanse. Dette inkluderer forbetringar i ferdigheiter innan informasjonsteknologi, HR-rutinar, økonomi og evna til å gjennomføre digital undervisning.

Vidare syner analysar at i kategorien organisatorisk utvikling blei 69 % av prosjekta vurderte som tilfredsstillande. Prosjekta har bidratt til å styrke organisasjonane si evne til å lære, handtere endringar og nytte kompetansen frå tilsette som har vore på utveksling i regi av Norec.

Eksempel på slik kompetanse er forbetra jordbrukspraksis, auka fokus på psykisk helse og integrering av sosial rettferd i strategiar.

To av tre mål i tildelingsbrevet vårt frå Utanriksdepartementet har ei målformulering som inneheld ordet «fleire». Mål 3 seier at gjennom Norec si verksemd skal «fleire unge menneske [få] internasjonal arbeidserfaring og kompetanse innan berekraftig utvikling». I 2024 var det 415 unge menneske som fekk det.


Sjølv om det år for år blir «fleire» i eit langsiktig perspektiv, er talet på utvekslingsdeltakarar i 2024 lågare enn i 2023, som igjen var lågare enn før pandemien. Sjølv om at vi aktivt har redusert kostnadene per deltakar på utveksling med 35 % frå 2013 til 2023, har lågare kroneverdi i forhold til dollar og auka kostnader gjort at færre unge har fått høve til å dra på utveksling.

Den geopolitiske spenninga blir omtala av mange på ulike måtar. Då er det gledeleg at Norec aldri har hatt større tilfang av søknader frå verksemdar som ønsker å jobbe meir og betre med internasjonalt samarbeid.

God lesing!



Jan Olav Baarøy
Direktør



2 INTRODUKSJON TIL NOREC OG HOVUDTAL

2.1 Hovudoppgåver og organisasjon

2.1.1 Instruks av 10. juni 2021

§ 1. Status

Norsk senter for utvekslingssamarbeid (Norec) er et forvaltningsorgan som er administrativt underlagt Utenriksdepartementet. Norec er et akronym av det engelske navnet på virksomheten Norwegian Agency for Exchange Cooperation og benyttes som virksomhetens navn i det daglige. Norec har sitt hovedkontor i Førde.

§ 2. Formål

Norec er en del av Norges samlede innsats for å gjennomføre 2030-agendaen og bidrar til å realisere de overordnede målene i norsk utviklingspolitikk. Gjennom gjensidig kompetanseutveksling skal Norec støtte globale partnerskap i sitt arbeid for å nå FNs bærekraftsmål.

Norec har som hovedoppgaver å:

- Være et kompetansesenter for utvekslingssamarbeid.
- Forvalte tilskudd for å styrke globale partnerskap som bidrar til bærekraftig utvikling.
- Gi unge mennesker internasjonal arbeids erfaring og kompetanse innen bærekraftig utvikling.

§ 3. Daglig ledelse

Norec ledes av en direktør som tilsettes av Utenriksdepartementet i åremålsstilling.

§ 4. Ikrafttredelse

Denne instruksen trer i kraft 10. juni 2021.

Norec har fram til september 2024 fått sin instruks gjennom kongeleg resolusjon.

Den 20. september 2024 oppheva Utenriksdepartementet instruks til Norec av 4. juni 2021.

Ny [instruks utarbeidd av Utenriksdepartementet](#) tok til å gjelde 1. januar 2025.

2.1.2 Leing i Norec


Ved årsskiftet 2024/2025 bestod leiinga i Norec av fire seksjonsleiarar, to avdelingsdirektørar og éin direktør. Avdelingsdirektørar og direktør utgjer toppleiinga:

- Direktør i Norec: Jan Olav Baarøy
- Avdelingsdirektør for program: Margunn Indrebø Alshaikh
- Avdelingsdirektør for verksemdstyring: Anne Lise Bekjorden

I mars blei det kunngjort at Norec tar over oppgåva med å evaluere norsk bistand. Påtroppande direktør for evaluering Henrik Nordal blei rekruttert til Norec våren 2024, med oppstart i oktober. Frå og med 1. januar 2025 er han direktør for evaluering.

Ny seksjonsleiar for kommunikasjon Roger Sevrin Bruland starta i stillinga i april 2024.

2.1.3 Organisasjonskart



2.1.4 Lokalisering av Norec

Norec held til i Førde i Vestland fylke. Tidlegare heitte Norec Fredskorpset og var lokalisert i Oslo. I 2017 vedtok regjeringa Solberg å flytte Fredskorpset til Førde. Samtidig blei namnet endra til Norsk senter for utvekslingssamarbeid (forkorta til Norec).

2.2 Utvalde nøkkeltal

2.2.1 Tilsette og årsverk

TILSETTE OG ÅRSVERK 2022–2024	2024	2023	2022
Tal tilsette*	60	51	52
Tal avtalte årsverk	48	46	44
Tal utførte årsverk	44,27	40,68	40,42

*Talet på tilsette inkluderer alle som har vore tilsette heile og delar av året. Tal tilsette per 31. desember 2024 var 53.

2.2.2 Tildelingar og utnyttingsgrad

TILDELINGAR OG UTNYTTINGSGRAD 2022–2024	Forklaring	2024	2023	2022
Samla tildeling kap. 140.21	Rekruttering til internasjonale organisasjonar – drift	0*	973	1 469
Utnyttingsgrad kap. 140.21		0	97 %	66 %
Samla tildeling kap. 144.01	Kompetansesenter og utveksling – drift	63 784	59 536	58 041
Utnyttingsgrad kap. 144.01		98 %	99 %	96 %
Samla tildeling kap. 144.70	Tilskot til utveksling	133 816	133 482	121 255
Utnyttingsgrad kap. 144.70		99 %	100 %	100 %
Samla tildeling kap. 144.71	Tilskot til norske stillingar i internasjonale organisasjonar	50 000	48 000	35 000
Utnyttingsgrad kap. 144.71		99 %	99 %	96 %
Samla tildeling kap. 170.70	Demokratifremjing gjennom politiske parti	6 457		
Utnyttingsgrad kap. 170.70		99 %		

Alle tildelingar er angitt i heile tusen.


*Denne posten er frå og med 2024 innbakt i post 144.01 – kompetansesenter og utveksling – drift.

2.2.3 Oversikt over prosjekt per land – utveksling



2.2.4 Oversikt over prosjekt per land – demokratifremje





2.2.5 Oversikt over norskfinansierte tilsette i FN-organisasjoner og Verdensbanken per land

Stillingar: Junior Professional Officer (JPO) og Senior Professional Officer (SPO)

ADB – Den asiatiske utviklingsbanken
1 JPO: Filippinene

UNDPO – FNs avdeling for fredsoperasjoner
1 JPO: New York

UNDP – FNs utviklingsprogram
6 JPOs, 1 SPO, 1 SDP
Thailand, Madagaskar, DRK, New York, Geneve, Ukraina, Moldova, Malawi

FAO – FNs organisasjon for ernæring og landbruk
2 JPOs: Etiopia, Kenya

ILO – Den internasjonale arbeidsorganisasjonen
2 JPOs: Nepal, Sri Lanka

OCHA – FNs kontor for koordinering av humanitær innsats
2 JPOs: Ukraina, Jemen

OHCHR – FNs høgkommissær for menneskerettar
2 JPOs: Ukraina, Sør-Afrika

UNHCR – FNs høgkommissær for flyktningar
2 JPOs: Moldova, Kamerun

UNICEF – FNs barnefond
3 JPOs: Zambia, Sverige, Etiopia

UNODC – FNs kontor for narkotika og kriminalitet
1 JPO: Wien

UN WOMEN – FNs organisasjon for kvinners rett og likestilling
2 JPOs: Ukraina, Nepal

WFP – Verdas matvareprogram
4JPOs: Sør-Afrika, Afghanistan, Kenya

UNEP – FNs miljøprogram
1 JPO: Kenya

UNFPA – FNs befolkningsfond
2 JPOs: Ukraina, New York

WHO – Verdas helseorganisasjon
1 JPO: Uruguay

GEF – Det globale miljøfondet
2 JPOs, 2 SPOs: Washington



3 AKTIVITETAR OG RESULTAT I 2024

3.1 Prioriteringar frå tildelingsbrevet

I tildelingsbrevet for 2024 gav departementet Norec i oppdrag å:

- Halde fram med å utvikle verksemda og utforske nye tiltak for å oppnå ønskte resultat innanfor samfunnsoppdraget og i tråd med prinsippa i tillitsreforma.
- Bruke sin kompetanse om globale partnerskap, kompetanseutvikling og kunnskapsdeling til å vidareutvikle og styrke ordninga for demokratifremming gjennom politiske parti.
- Prioritere å rekruttere juniorekspertar og jobbe for å bidra til at det blir fleire nordmenn i FN og andre viktige internasjonale organisasjonar.
- Ha tydeleg dialog med utanriksstasjonane om programverksemd og om korleis samarbeidet kan styrkast.
- Halde fram arbeidet med digitalisering og effektivisering av tilskotsforvaltninga.

Tillit og respekt heilt avgjerande

Opp gjennom åra har vi observert at dei partnerskapa som utviklar seg best, er dei som er bygde på tillit og respekt. Relasjonar som blir utvikla i uvanlege samanhengar og framande land krev meir av oss. Tverrkulturelle partnerskap må overvinne skilnader og utfordrar partane når det gjeld å forstå og akseptere andre trusretningar og verdsoppfatningar. Dette gir partnerskapa ein særleg styrke. I tider med store geopolitiske utfordringar kan desse partnerskapa gi mot til, støtte og inspirere kvarandre. I år har vi spurt partnerkontaktane kva eit sterkt partnerskap er for dei. Rett under halvparten svarer at tillit er heilt avgjerande for å bygge eit sterkt partnerskap.

Å leve og arbeide i eit anna land kan provosere fram ei ny forståing av verdier. Dei som har vore på utveksling og budd i utlandet, har ofte reflektert djupt over korleis dei oppfattar verda. I historier vi har samla dei siste to åra, fortel fleire av deltakarane at utvekslinga har gjort dei meir sjølvstendige og modigare, at dei har fått meir sjølvtilit, og at dei har blitt meir opne og motstandsdyktige. Kort sagt: Dei har fått meir tillit til verda og andre menneske som er ulike dei sjølve.

Evans Ouma, som drog på utveksling frå Youth Alive! Kenya til Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner (LNU), fortel at han lærte korleis norske ungdommar bevisst engasjerer seg i politikk. Inspirert av dette starta han i ungdomsorganisasjonen sin i Vest-Kenya eit program der unge kan diskutere politikk. Evans fortel korleis han og andre ungdommar i Kenya har svært lite tillit til politikken, men at utvekslingsprosjektet han sjølv deltok i, og programmet han har starta for ungdom, har påverka og endra korleis han tenker.

Overordna porteføljestyling

Programleiinga har jobba med å lage ei overordna tilnærming for porteføljestylinga i Norec. Dei har fokusert på overordna formål, resultatoppnåing og læring, med moglegheiter for innovasjon og rom for overordna politiske prioriteringar. Vi har ei heilskapleg tilnærming til læring i organisasjonen og møter nye løysingar med openheit. Norec gir handlingsrom og oppmodar til nytenking i møte med tilskotsmottakarar.

Norec si porteføljestyling er ein fleksibel og utforskande måte å handtere komplekse utfordringar på. Kontinuerleg læring og forbedring skaper ei fleksibel tilskotsforvaltning og porteføljesamansetning som til ei kvar tid er relevant for ein kontekst i endring.

Dialog med utanriksstasjonane


Den gode dialogen med utanriksstasjonar og departement heldt fram i 2024. I Kenya, Tanzania og India arrangerte vi saman med ambassadane opne møte for potensielle søkarar. Éin gong i året får ambassadane oppdatert oversikt over Norec si programverksemd i landa eller regionane dei held til i. Vi har også presentert Norec for ambassadørar under stasjonssjefsveka, og øvrige ambassadetilsette i det årlege utviklingspolitiske seminaret. Dette er med på auke kunnskapen om Norec sitt samfunnsoppdrag.

Effektivisering og digitalisering

Vi held fram med effektivisering og digitalisering. Ei arbeidsgruppe har hatt fokus på digitalisering, med særleg vekt på KI og kompetanseheving både i etaten og hos dei tilsette. Fleire grep er tatt for å effektivisere saksbehandling og prosjektoppfølgjing. Vi jobbar for å lansere ein ny søknadsportal- og prosess for utvekslingsordninga i 2025.

Vidareutvikling og styrking av demokratifremjing

Norec overtok ansvaret for tilskot til demokratifremjing gjennom politiske parti frå og med 1. januar 2024. Fem parti/ungdomsparti har fått finansiering til å gjennomføre seks ulike prosjekt i perioden 2024–2025. Norec har i løpet av året arrangert fleire digitale møte for tilskotsmottakarane og gjennomført ei fysisk partnersamling i Oslo for dei norske partnerane. Der var representantar for fem av dei seks aktive prosjekta representerte og fekk moglegheit til å utveksle erfaringar.



Figur 1: Oversikt utbetalte tilskotsmidlar i 2024 fordelt på dei ulike berekraftsmåla.

3.2 Vurdering av måloppnåing

1

Målgruppene er kjende med og tar i bruk Norec som kompetansesenter for utvekslingssamarbeid

Målgruppene til Norec er i policyen for kompetansesenteret definerte som verksemder som jobbar for berekraftig utvikling og deltar i globale partnerskap, andre samfunnsaktørar (offentlege og private) og kontaktpersonar og andre ansvarlege i programporteføljen til Norec.

STYRINGSPARAMETER 1

AUKA KUNNSKAP OM NOREC SIN KOMPETANSE I MÅLGRUPPENE

Kort samanfatta: Norec har i 2024 vidareført og utvida kunnskapsformidlinga si gjennom kurs, webinar, medieomtale, sosiale medium, nettside og nettverksaktivitetar. Norec Network har fått 889 nye medlemmar, og vi har halde fleire arrangement for tidlegare deltakarar. Gjennom samarbeid med bistandsorganisasjonar, kunnskapsbedrifter og internasjonale nettverk har Norec styrkt si rolle som kompetansesenter.

Kunnskapsformidling på kurs og i nettverk

Tilskotssmottakarar – utveksling

I 2024 har Norec halde 49 kurs for eigne tilskotssmottakarar. Det er likt som i 2023. Nytt av året er webinar i konfliktløyising og mental helse for dei som er på utveksling. På desse kursa har vi hatt 1 534 deltakarar. Til samanlikning hadde vi 1 229 deltakararar på kursa våre i 2023. For tilskotssmottakarane har vi arrangert eit webinar i resultatbasert leing og eit anna webinar i førebygging og handtering av seksuell utnytting, overgrep og trakassering.

Eit viktig læringsmål for kursverksemda er å vidareutvikle deltakarane sin kompetanse innan arbeid for å nå berekraftsmåla. Meir enn 9 av 10 som har vore på førebuingkurs med Norec før utveksling, seier at dei etter kurset har ei betre forståing av korleis dei personleg kan bidra til berekraftig utvikling, og korleis prosjektet dei er ein del av, kan bidra til berekraftig utvikling.


Tilskotssmottakarane har fått fire nyheitsbrev.

Tidlegare utvekslingsdeltakarar

Norec Network hadde 2 191 medlemmer per 31. desember 2024. Av desse var 889 nye i 2024. Medlemmene i nettverket held til i litt over 100 ulike land verda over, jf. figuren under.

I 2024 har Norec arrangert tre samlingar for tidlegare Norec-deltakarar i Tanzania, Colombia og Sør-Afrika. I tillegg har vi halde åtte webinar for nettverket med fokus på profesjonell og effektiv bruk av Excel, Word og PowerPoint.

Samtidig har vi også utvida vårt eige nettverk med relevante aktørar som jobbar med alumni-nettverk, mellom anna UNV, Danida og SIDA. Medlemmene har fått 19 nyheitsbrev i 2024.



Figur 2: Oversikt over kva land Norec Network-medlemmene bur i. Kjelde: Norec sin database over tidlegare deltakarar.

Bistandsorganisasjonar og kunnskapsbedrifter

I år har vi vore aktive på fleire arenaer og i kontakt med fleire ulike aktørar. Kunnskapsbedrifter har framleis vore eit satsingsområde, og vi har jobba for å bevare og vidareutvikle denne kontaktflata også i 2024.

Norec har halde ni skreddarsydde kurs for organisasjonar som sender ut eigne tilsette eller studentar, og vi har arrangert tre paneldebattar om demokrati og tilpassing på arbeidsplass.

Vi har vore medarrangør på ni ulike arrangement der mangfaldskompetanse, partnerskap og utreise har vore tema. Norec har hatt utdjupande kunnskapsutveksling med Distriktssenteret, Swedish Institute, det tyske utviklingsdirektoratet GTZ, Norad, Norfund og Forskingsrådet. Erfaringsutveksling med 26 andre relevante aktørar er òg gjennomført.

Vi har gitt 12 innspel og intervju til artiklar og rapportar. Norec har delt erfaringa si som kompetansesenter og dei ulike kompetanseområda våre på 26 arrangement og konferansar.

Internasjonale nettverk

I år har Norec leia Global Partnership Initiative on Effective Triangular Co-operation. Nettverket består av 25 ulike nasjonale og internasjonale bistandsorganisasjonar, som alle jobbar med samarbeid mellom fleire sør-partnarar og ein nord-partnar. Leiarrolla har gjort Norec synleg og meiningsberande i diskusjonar om beste praksis og innovasjon innan triangulært samarbeid. I vår rolle har vi vore med på å fremme Norec som ein betydeleg aktør innan triangulært samarbeid.

Dei tre siste åra har Norec leia gruppa Climate Action Group i International Forum for Volunteering in Development. Målet med gruppa er å utdanne og engasjere Forum-medlemmer om berekraft og klima, samt gi råd og verktøy for å fremme handling. Gruppa har halde månadelege møter, arrangert workshops på IVCO-konferansen og gjennomført ei [undersøking om klimakunnskap](#) i den internasjonale frivillige sektoren.

Lokalaviser

Fleire artiklar i lokalpressa har i år fortalt om erfaringar frå både noverande og tidlegare utvekslingsdeltakarar. Intervjua er gjorde av journalistar frå Driva i Sunndalsøra, Finnmarken, Vestnes-avisa, den norskspråklege samiske avisa Sagat, Avisa Gaula, Romsdals Budstikke, Møre-Nytt, Firda, Østlandets Blad og Fredriksstad Blad.

Lasantha Sriyakanthi fortel til Vennesla Tidende om då ho var på utveksling til Noreg frå Sri Lanka. Det var første gang ho såg menneske med funksjonsnedsetting. Ho seier: «De ble ikke gjemt bort slik det ofte skjer i vårt land.» Med inspirasjonen Center for barn og unge med funksjo

Sosiale medium

I 2024 har vi hatt god vekst i sosiale medium, særleg på LinkedIn. Denne framgangen er driven av interesse for globale samarbeid og kunnskapsdeling. Instagram hadde ein stabil vekst på 11 %, sjølv om plattforma ikkje var prioritert i 2024.

SOSIALE MEDIUM	2024 FØLGARAR	2023 FØLGARAR	2024 VEKST	2023 VEKST
LinkedIn	5 400	3 970	36 %	42 %
Facebook	13 930	13 498	3,2 %	5 %
Instagram	4 772	4 299	11 %	15 %

Trass i ulike prioritering av kanalane viser tala at publikum er engasjerte i innhaldet vårt. Veksten på LinkedIn speglar satsinga vår på målretta kommunikasjon overfor fagmiljø og profesjonelle nettverk, medan Facebook og Instagram framleis er sentrale for å nå breiare målgrupper. Dette gir oss eit godt grunnlag for å satse på vår digitale synlegheit i 2025.

[illegible]

I løpet av 2024 avslutta vi aktiviteten vår på X (tidlegare kalla Twitter). Dette var eit strategisk val for å fokusere på kanalar der målgruppene våre er mest aktive, og som i større grad samsvarer med våre kommunikasjonsbehov.

Vi driftar også to nyetablerte kontoar knytte til den internasjonale rekrutteringsaktiviteten Norec utfører for FN, utviklingsbankane og andre internasjonale organisasjonar. Desse kontoane, som har namnet «Norec karriereportal», blir hovudsakleg brukte til utlysing av stillingar og relevant annonsering.

Nettstad

I februar 2024 fekk norec.no sett opp versjon 2 av Google Consent Mode, etter krav frå EU om at det skal vere like enkelt å avslå som å godta informasjonskapslar på nettsider. Ei analyse utført av nettsideleverandøren vår Nucleus viste at dette førte til at ein i snitt mistar oversikt over 50-60 prosent av trafikken til nettstaden.

I 2024 hadde nettstaden vår 112 811 sidevisingar, mot 145 694 året før. På same måte har tal hendingar på sidene gått ned frå 374 016 i 2023 til 300 300 i 2024. Det gir ein nedgang i sidevisingar på 22,57 prosent, men vi reknar likevel med at trafikken i realiteten har auka. På tampen av året bestemte vi oss for å lyse ut ein anbodskonkurranse for utvikling og drift av ny nettstad. I dette anbudet vil vi også be om alternative måtar å måle trafikk på.

Nøgde søkarar

I 2024 har vi lagt ned mykje arbeid i å gjere det enklare og meir oversiktleg for søkarane å finne dokumenta dei treng, på nettstaden. I ei undersøking utført blant dei som søkte om tilskot til utveksling våren 2024, svarte 79 prosent av søkarane at nettstaden er informativ, og at det er lett å finne fram der.

Vi la i 2024 også inn ein tilbakemeldingsfunksjon på nettstaden. Der kan brukarane svare på om dei fann det dei leita etter, eller ikkje. Det gjer det enklare å tilpasse nettstaden etter kvart.

STYRINGSPARAMETER 2

CODE SYSTEM FOR KUNNSKAPSPRODUKSJON OG FORMIDLING

Kort samanfatta: Norec har styrkt systema for kunnskapsproduksjon og formidling gjennom betre datainnsamling, analyse og automatiserte rapportar. I 2024 har dette gitt auka innsikt i prosjektresultat og læringseffektar. Endringshistorier frå deltakarar bidreg òg til djupare forståing og meir målretta kunnskapsdeling.

Norec har eit veletablert system for å samle inn kvantitativ informasjon frå deltakarar og partnerar gjennom digitale undersøkingar. Dette gir oss oppdatert og relevant informasjon om prosjekta og bidrar til at vi har ei kunnskapsbasert tilnærming. I 2024 har vi brukt desse dataa til å forbetre prosjekt- og deltakaroppfølginga.

I 2024 har vi hatt fokus på å utvikle system som gjer at vi effektivt kan nyttiggjere oss data frå prosjekt-databasen vår. Gjennom automatiserte rapportar og illustrasjonar har vi til ei kvar tid tilgang til oppdatert informasjon om prosjektporteføljjen. I 2024 produserte vi òg prosjektoversikter for alle partnerland. Desse er tilgjengelege på nettstaden vår.

Styrkt datagrunnlag gir ny innsikt i prosjektsresultat

Dei siste åra har tilskottsseksjonen gjort ein uvurderleg innsats med å samle og omarbeide resultat-informasjon i prosjektdatabasen. Dette har ført til ein betydeleg auke i datatilfanget. Hovudkjelda for empirien i databasen er rapportar frå tilskotsmottakarar, men også saksbehandlarane sine egne inntrykk gjennom bruk av sjekklister og intervjuguidar inngår i grunnlaget. Informasjon frå brukarundersøkingar både før og etter utanlandsopphald blir òg registrert i databasen.

I 2024 har data frå 101 prosjekt frå perioden 2020–2023 blitt koda og analyserte. Analysen viser at dei fleste prosjekta som har fått støtte frå Norec, har oppnådd god teknisk kompetanse. Kodinga identifiserte enkelte nye dimensjonar i den tekniske kompetansen i prosjekta. Læring i prosjekta stod òg sterkt.

Sjølv om delar av datamaterialet hadde låg kvalitet, var det tydeleg at mange prosjekt hadde oppnådd læring på både kort og lang sikt. Datamaterialet om organisatorisk læring hadde høg validitet og står fram som eit godt resultat i porteføljen til Norec. Det solide datagrunnlaget og kvaliteten gir oss gode moglegheiter for å hente ut resultatinformasjon og beste praksis på tvers av porteføljen dei neste åra.

Endringshistorier frå deltakarar

Dei to siste åra har vi intervjuar over 70 personar som har vore på utveksling. Intervjua har blitt skrivne om til historier etter metoden «most significant change». Historiene frå deltakarar som nyleg har vore på utveksling, har blitt kategoriserte etter kompetanseområde utvikla av World Economic Forum. Intervjua av dei som avslutta utvekslinga for meir enn fem år sidan, er derimot organiserte i domene: menneskerettsforsvarar, sosial entreprenør, organisatorisk læring, karriereutvikling og global borgar.

Historiene blei diskuterte i dei ulike seksjonane i Norec, og dei tilsette valde ut representative historier innanfor dei ulike domena. Diskusjonane rundt utveljinga gav innsikt i forskjellane mellom deltakarar frå ulike land og bidrog til betre forståing av effekten utvekslinga har.

Eit utval av historiene er tilgjengelege for dei tilsette på intranettet og kan brukast i ekstern kommunikasjon og formidling.

2

Fleire sterke globale partnerskap for berekraftig utvikling

STYRINGSPARAMETER 1

FLEIRE GLOBALE PARTNARSKAP MOTTAR STØNAD FRÅ NOREC

Kort samanfatta: Norec har i 2024 vidareført samarbeidet med 188 verksemder og signerte 16 nye samarbeidsavtalar. Totalt var 70 samarbeidsprosjekt aktive, der halvparten var mellom partnarar i sør, og 23 % var triangulære partnerskap. Under ordninga for demokratifremjing støtta Norec seks prosjekt med deltaking frå norske politiske parti og partnarar i fleire land, noko som bidrog til å styrke globale partnerskap for berekraftig utvikling.


I 2024 hadde Norec samarbeidsavtalar med 188 ulike verksemdar. Dette er på same nivå som i 2023. 53 prosent av verksemdene som fekk støtte i 2024, var frå Afrika, 22 prosent frå Asia og 9 prosent frå Latin-Amerika. 16 prosent av verksemdene var norske. I tillegg til desse gav Norec 100 partnarar støtte til forundersøkingar.

I 2024 signerte Norec 16 nye samarbeidsavtalar. Dette er litt færre enn i 2023, då vi signerte 20 nye avtalar. Totalt var 70 ulike samarbeidsprosjekt aktive i løpet av året, akkurat som i 2023. Av desse blei 12 avslutta i løpet av 2024, og ytterlegare 24 skal avsluttast i 2025. Dette utgjør halvparten av prosjekta.


35 av prosjekta (50 %) var mellom partnarar i land i sør, mens 35 prosjekt hadde éin norsk partnar. Av desse var 16 prosjekt (23 %) triangulære partnarsskap.

Demokratifremjing gjennom politiske parti


Norec har i 2024 støtta seks ulike prosjekt under ordninga for demokratifremjing. Prosjekta er inngått mellom fem ulike norske politiske parti/ungdomsparti og ni ulike partnarar i partnarland. I det eine prosjektet er så godt som alle norske ungdomsparti deltakarar. Målgruppene for prosjekta under denne ordninga er frå Argentina, Peru, Colombia, Etiopia, Libanon, Palestina og Aust-Europa.



Figur 3: Oversikt over kontinent for Norec sine 188 samarbeidspartnarar i 2024.



Figur 4: Oversikt over prosjekttipe for Norec sine 70 samarbeidsavtalar i 2024.



Figur 5: Oversikt over avslutningsår for Norec sine 70 samarbeidsavtalar i 2024.

Kort samanfatta: Norec har styrkt systema for kunnskapsproduksjon og formidling gjennom data-innsamling, analyse og partnersamarbeid. Analyse av 101 prosjekt viser gode resultat innan teknisk kompetanse, læring og organisatorisk utvikling, medan partnerintervju stadfestar at utveksling bidrar til kapasitetsbygging og berekraftsmål.

I år har vi gjennomført ein analyse av data frå 101 av prosjekta i prosjektdatabasen til Norec. Resultata av analysen viser at 86 % av prosjekta oppnådde tilfredsstillande teknisk kompetanse, basert på saksbehandlarane si skåring av prosjekta. Dette inkluderer forbetringar i ferdigheiter innan informasjons-teknologi, prosjektstyring, HR-rutinar, økonomi og evna til å gjennomføre digital undervisning.

På området læring blei 76 % av prosjekta vurderte som tilfredsstillande. Prosjekta kan vise til både mindre og større endringar som følge av læring. Dette tyder på at utvekslinga fører til både enkeltjusteringar og grunnleggande endringar i organisasjonane. I fleire av prosjekta er det dokumentert auka sjølvtilit, betre kommunikasjon og auka kulturell sensitivitet blant dei tilsette.

Auka utbytte for bønder i Kenya og Zimbabwe

I utveksling av tilsette mellom jordbruksorganisasjonane PELUM Kenya og FACHIG i Zimbabwe har prosjektet bidratt til ny forståing av jordbrukspraksisar og teknikkar. Denne forståinga er blitt formidla til bønder i områda der prosjektet blei gjennomført. Organisasjonane har også lært av kvarandre. PELUM har fått nye idear relatert til marknadsføring og til opplæring i prinsipp for handel, marknadsføring, økonomisk forståing og administrasjon. FACHIG har fått ny kunnskap om berekraftige jordbrukspraksisar innan jordsmonn og vatningssystem, integrert pestkontroll, vassparingstiltak, biointensivt jordbruk, frøutvinning og -lagring med meir. Fleire av bøndene i medlemsorganisasjonane hos PELUM har etablert jordbrukskooperativ for å kunne gjere strategiske og kollektive forhandlingar. Andre eksempel på auka utbytte for bøndene har vore såpeproduksjon, lokalt produsert kosmetikk basert på kaktusblomar, bokashi-kompostering og vassparing.

Foto: Maiken Solbakken/Norec



Berekraftig dyrking for framtida: Ein bonde i Kenya tek i bruk berekraftige jordbruksmetodar gjennom Pelum Kenya, som hjelper småskala-bønder med å sikre avlingar og styrkje matsikkerheita.

I kategorien organisatorisk utvikling blei 69 % av prosjekta vurderte som tilfredsstillande. Prosjekta har bidratt til å styrke organisasjonane si evne til å lære og handtere endringar, og dessutan til å bruke kompetansen frå tilsette som har vore på utveksling. Eksempel på dette er forbetra jordbrukspraksis, auka fokus på psykisk helse og integrering av sosial rettferd i strategiar.

Undersøking blant partnarkontaktane

I eit representativt utval av partnarkontaktar blei over 20 personar intervjuja hausten 2024. I intervjuja framhevar partnarkontaktane kommunikasjon som nøkkelen til eit velfungerande partnerskap. Felles målsetting og engasjement, sterkt eigarskap til prosjektet og temaa dei jobbar med, og ei lang felles historie er føresetnader dei meiner bidrar til eit sterkt partnerskap. Ifølgje undersøkinga har organisasjonane opplevd at utvekslinga har bidratt til kapasitetsbygging, styrkt evna deira til å nå målgruppa og bidratt til å nå berekraftsmåla.

I godt over halvparten av prosjekta trekker dei ansvarlege fram kompetansebygging som eit viktig resultat. Meir spesifikt blei det lagt vekt på nye haldningar til arbeidsmiljø og -kultur, tilpassa og tilrettelagd opplæring og ei djupare forståing av eige fagfelt – for både tilsette som reiser på utveksling, og dei som tar imot tilsette.

Foto: Maiken Solbakken/Norec



Byggjer digital kompetanse:
Gjennom Norec-programmet lærer Srobony Islam jenter i Nepal om IKT, som ein del av partnerskapen mellom Empowering Women of Nepal (EWN) og Society for Underprivileged Families (SUF).

Fleire unge kvinner økonomisk sjølvstendige i Nepal og Bangladesh

Ein interesseorganisasjon for turistguidar (EWN) i Nepal har utveksla medarbeidarar med ein digitalt sterk sivilsamfunnsorganisasjon (SUF) i Bangladesh. EWN er ein organisasjon som gir opplæring, støtte og praktisk erfaring til jenter og unge kvinner, slik at dei kan vere fjellguidar for turistar. Kvinnelege guidar er veldig uvanleg i Nepal, då det bryt med kulturelle normer. Prosjektet har vore retta mot berekraftsmål 4. Ungdom i Dhaka har fått opplæring i berekraftig turisme, og unge kvinnelege guidar i Pokhara og andre knutepunkt for turisme i Nepal har fått ferdigheiter i bruk av digitale språk- og kartverktøy. Auka digital kompetanse og prosjekterfaring frå SUF til dei tilsette i EWN har resultert i nye prosjektforslag som har gitt auka inntekter for organisasjonen. Alt overskot frå EWN sitt arbeid går til å gi fleire unge jenter toårig gratis opplæring og dekt bustad. Slik bidrar utviklingsprosjektet til at mange fleire unge kvinner får moglegheit til å bli økonomisk sjølvstendige.

Auka inntekt for einslege mødrer i Malawi

I eit utvekslingsprosjekt mellom organisasjonen Small Producers Development and Transporters Association (SPRODETA) i Malawi og Shalom Development Organization (SDO) i Tanzania, har dei tilsette, har dei tilsette gjennom utveksling av kunnskap jobba med berekraftsmål 1 for å redusere fattigdom blant unge kvinner og mødrer. Organisasjonane har lært kvarandre om klimasmart jordbruk og småskala forretningsprosjekt. Produksjon av såpe, farging av tekstilar og kunnskap om matproduksjon for sal har ført til at over 300 einslege mødrer i Mzuzu (Malawi) har auka inntektene med meir enn 40 %.

Tilskot etter gjennomført utveksling

Den nye tilskotsordninga vår, «EtterUtteksling», hadde 145 søkarar. Dei fleste søknadene var frå Afrika, men det kom også prosjektforslag frå Asia og Latin-Amerika. Tematisk var dei fleste prosjekta retta mot påverknadsarbeid, inkludert klima- og helsepåverknad. Mange søknader var også retta mot kvinner og helse, og mot jordbruk og helse meir generelt. Fem søknader er innvilga.

Fremjar politisk deltaking frå ungdom, kvinner og minoritetsgrupper

Unge Venstre er inne i sin andre periode som mottakar av tilskotsmidlar frå ordninga for fremjing av demokrati. Det norske ungdomspartiet samarbeider med fire ulike organisasjonar i Argentina, Colombia og Peru om å fremje politisk deltaking blant ungdom, kvinner og minoritetsgrupper. Prosjektet har òg som mål å auke samhandlinga mellom politiske ungdomsorganisasjonar på tvers av land i Latin-Amerika. I løpet av prosjektet for 2024–2025 blir det arrangert tre ulike seminar som tar opp tema knytte til auka representasjon av ungdom, kvinner og minoritetar.

Partnerar

I 2024 hadde Norec samarbeidsavtalar med 188 ulike verksemdar. Dette er på same nivå som i 2023. 53 prosent av verksemdene som fekk støtte i 2024, var frå Afrika, 22 prosent frå Asia og 9 prosent frå Latin-Amerika. 16 prosent av verksemdene var norske. I tillegg til desse gav Norec 100 partnerar støtte til forundersøkingar.

3

Fleire unge menneske har fått internasjonal arbeidserfaring og kompetanse innan berekraftig utvikling

STYRINGSPARAMETER 1

FLEIRE UNGE MENNESKE HAR FÅTT INTERNASJONAL ARBEIDSERFARING

Kort samanfatta: I 2024 fekk 415 nye deltakarar internasjonal arbeidserfaring gjennom Norec-utveksling, og bidrog med om lag 500 000 arbeidstimar. Prosjekta bidrog til verdifull kompetanse innan berekraftig utvikling.

I 2024 reiste 415 deltakarar på utveksling gjennom eit Norec-prosjekt. Dette er færre enn i 2023, noko som kjem av låg kroneverdi og aukande kostnader. Det store fleirtalet, 242 personar, var på utveksling mellom to land i sør. 89 nordmenn reiste på utveksling til eit land i sør, og 84 unge menneske frå land i sør var på utveksling i Noreg. Snittalderen var 27 år, og kvinner utgjorde 2/3 av deltakarane. Deltakarane var i snitt på utveksling i 8 månader. Til saman jobba dei om lag 290 årsverk, eller om lag 500 000 arbeidstimar.



STYRINGSPARAMETER 2

UNGE MENNESKE HAR FÅTT KOMPETANSE OM BEREKRAFTIG UTVIKLING

Kort samanfatta: Norec-utvekslinga styrkjer deltakarane si kompetanse innan berekraftig utvikling, med mellom anna auka samarbeidsevner, meistringstru og tilpassingsevne. Brukarundersøkingar og intervju viser at ny fagkunnskap og haldningsendringar gir varig påverknad både for individ og organisasjonar.

Kompetanseheving gjennom utvekslinga

I brukarundersøkinga spør vi deltakarane kva for område dei har utvikla kompetanse på gjennom Norec-utvekslinga. Samarbeid med andre er berre éin av mange eigenskapar unge over heile verda treng for å bidra til berekraftig utvikling. Figuren nedanfor viser fleire kompetanseområde som Norec-prosjekta har styrkt, og som på sikt vil gjere unge betre rusta til å fremje berekraftig utvikling.

Den største effekten ser vi på samarbeid med andre, der heile 91 % av respondentane rapporterer om forbetring. I tillegg oppgir over 80 % av deltakarane at dei har utvikla seg på områda meistringstru og tilpassingsevne, fleksibilitet og smidigheit.

Kompetanse innan undervisning, rettleiing og coaching, og dessutan kognitive evner, skårar også høgt. Det viser at prosjekta både bidrar til personleg vekst og gjer deltakarane i stand til å bidra til andre si utvikling

Samla viser resultata at Norec-prosjekta lykkast med å utvikle balanserte, kompetente personar som kan trivast i mangfaldige og dynamiske miljø.



Figur 6: Andel av Norec-deltakarar som oppgir å ha utvikla ulike typar kompetanse som følge av utvekslinga. Desse deltakarane svarte på undersøkinga i perioden januar–september 2024. Tal svar: 86.

I deltakarundersøkinga vår spør vi òg om deltakarane våre meiner at dei har fått meir respekt for andre, er blitt meir opne for andre kulturar, har fått betre forståing av globale spørsmål og om dei har blitt globale borgarar. 9 av 10 Norec deltakarar meier at utvekslinga har bidratt til å gi dei desse eigenskapane.

Møter andre kulturar for første gong

Over 70 % av dei som er på utveksling med Norec, har aldri hatt eit lengre utanlandsopphald før dei reiser på utveksling. Det viser brukarundersøkingar frå Norec heilt tilbake til 2015. Når dei reiser på utveksling, er det ofte første gong dei møter menneske som har ein annan bakgrunn eller ei anna referanseramme enn dei sjølve.

Dei siste to åra har vi samla inn historier frå deltakarane ved å intervjuer dei. Desse intervjuer bekreftar at deltakarane har blitt meir sjølvstendige og modigare, fått meir sjølvtilitt, blitt meir opne og fått eit nytt syn på menneske frå andre delar av verda.

I intervjuer blei tolmod, toleranse og evne til å forstå andre oftast nemnt, men deltakarane la også vekt på empati, tilpassingsevne, likeverd og større openheit som eit resultat av møtet med ein ny kultur. Dei fortel om korleis haldningsendringar, nye ferdigheiter og ny fagkunnskap har ført til endringar i eigne organisasjonar og samfunn.

Haldningar blir endra

Nokre deltakarar reflekterte også over endra forhold til makt og religion, og korleis dette har endra deira eigne haldningar. Joseph fortel om korleis han utøver leiarrolla i den kristne studentorganisasjonen Focus Kenya på ein meir open og mindre hierarkisk måte som ein konsekvens av utvekslinga til Noreg i 2007–2008. Patience fortel i intervjuet om korleis ho blei utfordra på sine haldningar til skeive då ho var på utveksling i Noreg i 2010–2011. Saman med fleire andre har ho seinare lagt til rette for at den kenyanske menneskerettskommisjonen skal respektere skeive sine rettar og inkludere LHBTQI-organisasjonar i mandatet og på møtearenaene sine.

Nye ferdigheiter og fagkunnskap

Andre fortalde om nye ferdigheiter dei har tileigna seg under utanlandsopphaldet. Siah frå Tanzania fortel at den interkulturelle kompetansen ho fekk på utveksling til Sri Lanka og Noreg i 2014–2015, bruker ho i

dag i jobben sin som HR-sjef i ei bedrift med 400 tilsette. Ho seier: «Uansett kven som blir tilsett i selskapet, klarer eg å late vere å dømme dei. Eg er i stand til å respektere andre. Eg klarer å få det beste ut av alle eg arbeider med.» Alpha er tilsett hos CARE i Nairobi og jobbar med ni ulike land. Den interkulturelle forståinga han fekk under utvekslinga saman med ei gruppe ungdommar frå fleire land, nyttar han i kommunikasjonen med ulike nasjonalitetar.

Fleire av deltakarane framheva korleis ny fagkunnskap bidrog til å styrke organisasjonane deira. Inspirert av vertsorganisasjonen innførte Gregers sal av PC-ar og anna IKT-utstyr, og han tok vidareutdanning innan prosjektleiing for å sikre fleire inntektskjelder og betre styring av organisasjonen. Evans lærte om radikaliserings av ungdom i Noreg og Kenya, og han starta i etterkant eit prosjekt for å styrke ungdomsdeltaking og -påverknad i politikken. Shakwa sitt engasjement for ungdomsdeltaking auka under utvekslinga og motiverte han til å utarbeide nye samarbeidsprosjekt og skaffe friske midlar til grasrotorganisasjonen han hadde vore med på å starte over 12 år tidlegare.

Totalt finansierte Norec 36 juniorekspertar og 4 seniorekspertar i 2024.

STYRINGSPARAMETER 3	AUKA NORSK NÆRVÆR I INTERNASJONALE ORGANISASJONAR
Kort samanfatta: Norec finansierte 36 juniorekspertar og 4 seniorekspertar i 2024, men budsjettavgrensingar førte til færre nye rekrutteringar og pause i FN-internstipendet. Nettstad og informasjonsarbeid blei styrkt for å støtte norske kandidatar, og Norec deltok i fleire internasjonale samarbeid for å fremje norsk nærvær i FN og andre organisasjonar.	

Budsjettrammat for 2024 gav rom for å rekruttere 4 nye juniorekspert-stillingar. Det var også tilgjengelege midlar for å vidareføre ei JPO-stilling der den tilsette hadde slutta før tida.

Vi rekrutterte kandidatar til følgjande stillingar, med søkartal:

UNHCR	Programadministrasjon	Chişinău , Moldova	42
UNFPA	Ungdomsanalyse	Kyiv	43
GEF	Havplast	Washington	34
OHCHR	Likestilling	Pretoria	60

Alle juniorekspertane begynte i stillingane mellom september og november. Utanom desse fem stillingane blei det ikkje gjennomført fleire rekrutteringar over løyvinga i 2024. Budsjettsituasjonen gjorde også at Norec sette stipendordninga for «interns» i FN på pause, og ingen søknader blei derfor behandla i 2024.

Norec fekk fem førespurnader om samfinansiering av juniorekspertstillingar for 4 år. I tillegg til dette bad Verdsbanken om forlenging av to seniorekspertstillingar, med garanti om at desse skal bli fullfinansierte av Verdsbanken når kontraktane deira går ut i oktober 2025.



Foto: Cathrine Ekehaug/Norec

Fått dyrka leiartalentet: Utvekslingsdeltakar Thuku Mburu frå Kenya i samtale med Roger Sevrin Bruland. I eit år har juristen Mburu jobba for African Judges and Jurists Forum i Johannesburg. Han meiner utvekslinga har gjort han til ein betre leiar, og han har store politiske ambisjonar.

I løpet av året skreiv Norec 10 støttebrev for norske kandidatar i samband med søknader til stillingar i FN-systemet. Det ble også skrive 3 støttebrev i samarbeid med ambassadar og delegasjonar.

Meir informasjon på nettstaden

Norec har jobba med å tilføre nettstaden meir informasjon for nordmenn som ønsker å jobbe i ein internasjonal organisasjon, eller som allereie jobbar der. Vi har lagt til undersider som gir grundige råd om søknadsskriving, intervju prosess, arbeidsvilkår og kvar ein finn ledige stillingar i internasjonale organisasjonar. I løpet av året har Norec sin kommunikasjonsavdeling også laga tre reportasjar om arbeidet til juniorekspertar i Ukraina, Kenya og Sør-Afrika.

Samarbeid

Gjennom 2024 har vi hatt omfattande kontakt med andre etatar, organisasjonar og donorar frå andre land. Dette nettverksarbeidet er relevant for rekruttering til internasjonale organisasjonar. Vi har hatt møte med FN-delegasjonane i Genève og New York, og med ambassaden i Bern.

Vi har innleia eit samarbeid med den sveitsiske stiftelsen Cinfo, som det sveitsiske utanriksdepartementet har gitt i oppdrag å organisere rekruttering av eigne borgarar til internasjonale organisasjonar. Samarbeidet går ut på å få råd om informasjonsarbeid og påverknad overfor internasjonale organisasjonar, noko Sveits har lykkast godt med. På bakgrunn av dette samarbeidet har Norec tatt initiativet til eit «Nordic +»-samarbeid for donorar til sekonderingsprogramma/juniorekspertordninga. Vi har allereie årlege møte der dei nordiske landa deltar, og på vårt initiativ har Sveits blitt inkludert i samarbeidet.

I tillegg er Norec med i den såkalla «Quarterly multilateral appointments conversation», der europeiske donorar, Canada, Australia og USA utvekslar erfaringar om moglegheiter for sine borgarar i FN-systemet.

Norec har også bidratt med innspel til dei årlege konsultasjonane mellom Noreg og forskjellige internasjonale organisasjonar, først og fremst UNICEF.



Foto: Maiken Solbakken/Norec

Internasjonal erfaring gjennom Norec: Iselin Paris er ein av mange norskfinansierte juniorekspertar som byggjer verdifull kompetanse i FN. I Nairobi jobbar ho for Verdas matvareprogram.

3.3. Særskilde oppdrag i 2024

3.3.1. Nettverk for norske tilsette i internasjonale organisasjonar

Norec har etablert ei nettverksgruppe for nordmenn i internasjonale organisasjonar. Gruppa er basert på kontaktinformasjonen til 241 nordmenn som arbeider i FN-systemet, Verdsbanken og Den asiatiske utviklingsbanken. Denne informasjonen blei samla inn på slutten av 2023 og i dei første tre månadene av 2024.

Det var utfordrande å få fleire av FN-organisasjonane til å gi ut e-postadresser, og i fleire tilfelle måtte norske utanriksstasjonar og delegasjonar hjelpe oss. Vi samla også inn informasjon gjennom møte med norske FN-medarbeidarar i Genève og New York og gjennom tips frå medlemmer i nettverket.

Et innleiande nettmøte blei arrangert 6. mai. Litt over 80 personar deltok. Her kartla vi kva medlemmene ønskte at nettverket skulle bidra med. Mange ønskte meir informasjon om skatt/pensjon og tilknytning til Noreg via Nav og Skatteetaten. 6. november arrangerte vi derfor eit digitalt møte med Skatteetaten si internasjonale avdeling. Her deltok nærmare 100 medlemmer. Skatteetaten sa seg villig til å svare på spørsmål i etterkant av møtet, og det er dermed etablert kontakt mellom dei og medlemmene.

I tillegg har vi kvar månad sidan mai hatt mellom to og tre digitale møte med medlemmer av nettverket. Temaet for møta har vore karriereutvikling, særleg utfordringar knytte til dette.

3.3.2. Flytting av evalueringsoppgåva frå Norad til Norec

Flyttinga av evalueringsoppgåva har vore organisert som eit prosjekt for å sikre god styring og framdrift. Prosjektet har hatt som hovudformål å utarbeide og følge opp ein overordna plan for gjennomføring av dei ulike aktivitetane i samband med flyttinga. Gjennomføringa har vore lagt til dei fire undergruppene i prosjektet: arbeidsmiljø, rekruttering, ressursar og strategiske føringar.

Prosjektgruppa har vore partssamansett og har rapportert jamleg til direktørmøtet som styringsgruppe. Dei tillitsvalde har blitt orienterte fortløpande om prosessen gjennom deltaking i den overordna prosjektgruppa, i tillegg til at dei har fått direkte informasjon frå direktøren. Dessutan har dei tilsette deltatt i prosjektgruppene som hadde ansvar for tilpassing av kontorlokala, i utarbeidinga av risikoanalyse og i arbeidsmiljøgruppa. Partssamarbeidet i flyttinga har fungert godt, og alle formelle prosessar etter avtaleverket er gjennomførte som planlagt.

Rekruttering og onboarding av tilsette har vore ei viktig oppgåve i etableringa av den nye avdelinga. Vi fekk særst gode søkartal og godt kvalifiserte internasjonale søkarar då vi lyste ut dei nye stillingane. Evalueringsdirektør blei rekruttert før sommaren, og resten av dei tilsette blei rekrutterte og starta i jobben utover hausten.

For å sikre overføring av kompetanse om noverande og framtidige evalueringar har det vore avgjerande å ha eit godt samarbeid mellom Norad og Norec. Suksessfaktorar her har mellom anna vore tidleg etablering av samarbeidsstruktur, felles oppstartsmøte og godt samarbeid mellom prosjektleiarar og involverte ressursar. Å behalde kompetanse gjennom hospitering frå Norad har også vore eit viktig bidrag.

Alle oppgåvene Norec fekk tildelt i supplerande tildelingsbrev nummer 2 frå Utanriksdepartementet, er fullførte innan dei fastsette tidsfristane.



Etterutveksling:
Den nye tilskotsordninga vår, «EtterUtteksling», fekk 145 søknadar. Prosjektkoordinator Tonje Steinsland og programrådgivar Dilanka Fernando er nøgd med engasjementet.

4 STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA

Norec utførte alle tildelte oppdrag i tråd med måla og prioriteringane departementet har fastsett. Vi meiner vi har brukt ressursane effektivt og har god intern kontroll. Norec har gjennom heile året hatt god dialog med departementet om gjennomføring av tildelte oppdrag.

4.1. System for internkontroll

Arbeidet med internkontroll i Norec har halde fram i 2024. Vi meiner vi har ein prosess som sikrar måloppnåing når det gjeld målretta og effektiv drift, påliteleg rapportering og etterleving av lover og reglar. Risiko- og sårbarheitsanalyse blir utarbeidd og send til UD to gonger i året og elles revidert ved behov. Norec har eit system for rapportering og oppfølging av avvik. Vi er fullservicekunde hos Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) og følger deira rutinar for internkontroll.

4.2. Oppfølging av aktivitets- og utgreiingsplikta

I 2024 har vi arbeidd systematisk for å følge opp aktivitets- og utgreiingsplikta i tråd med likestillings- og diskrimineringslova. Ei gruppe med representantar frå arbeidsgivar, arbeidstakarorganisasjonar, verneombod og HR har nytta Bufdir sin firestegsmodell for å kartlegge i kva grad Norec følger lovkrava. Utgreiinga og risikokartlegginga låg ved årsrapporten for 2023.

Norec har forankra likestillings- og diskrimineringsarbeidet i strategiar, verktøy, opplæring, rutinar og personalpolitikk. Det er eit mål å oppnå ei balansert alders- og kjønnsamansetting og å rekruttere kvalifiserte personar med innvandrarakgrunn og funksjonsnedsetting.

I 2023 og 2024 har vi jobba målretta både med å sikre meir likestilling og med å motverke risikoar for diskriminering:

- Likestilling og ikkje-diskriminering er tatt inn i prosedyren for rekruttering.
- Alle som jobbar med rekruttering i Norec, skal ha gjennomført DFØ sitt e-læringskurs om mangfaldsrekruttering.
- Ved ledige stillingar vurderer vi alltid moglegheit for deltidstillingar for søkarar med nedsett funksjonsevne. Dette blir også synleggjort i stillingsannonsane.
- Oppfølging av tiltak etter MUST-undersøkinga skal gjennomførast i samsvar med handlingsplanen.
- Vi har sett på universell utforming i Norec sine lokale.
- Vi har lagt til krav om universell utforming ved IT-anskaffingar.

I 2024 har vi også starta på følgande arbeid, som vil halde fram i 2025:

- Kartlegge risikoen tilsette møter på reiser innanlands og utanlands når det gjeld likestilling og diskriminering.
- Utarbeide intern rutine for handtering av seksuell trakassering.
- Planlegge fagdagar om ubevisste fordommar og mangfald.

Risikokartlegginga innan rekruttering, tilrettelegging, forfremming og arbeidsmiljø er eit levande dokument som vil bli fortløpande oppdatert. Der hentar vi også informasjon frå avvikssystemet, resultat frå vernerunde og resultat frå arbeidsmiljøundersøkingar.

4.2.1. Kjønnsbalanse, mellombelse stillingar, deltid og foreldrepermisjon

ÅR	TOTALT	KJØNNSBALANSE		MELLOMBELS TILSETTE			DELTID		FORELDREPERMISJON – GJENNOMSNIITTELG TAL VEKER	
		Tilsette	Menn	Kvinner	Totalt	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
2024	60	33,3 %	66,7 %	5	5 %	7,5 %	0,0 %	2,5 %	17,6	23,6
2023	51	29,4 %	70,6 %	6	0	13,9 %	0,0 %	2,8 %	7,95	29,3
2022	52	26,9 %	73,1 %	7	7,1 %	13,2 %	0,0 %	2,6 %	7,2	16,7

Som mange offentlege verksemder har Norec ei overvekt av kvinnelege tilsette. Samanlikna med nivået i 2023 er balansen noko jamnare, då talet på mannlege tilsette har auka. Vi har lik fordeling mellom kvinnelege og mannlege leiarar.

Per 31.12.2024 har vi to tilsette i mellombelse stillingar. Dette gjeld éin tilsett som har 100 % mellombels stilling med arbeidsavtale ut 2024, pluss direktøren i Norec, som er tilsett på åremål. Av dei resterande tre som har hatt mellombels tilsetting i løpet av året, var to traineear gjennom Framtidsfylket (blir bytte ut i august kvart år) og éi mellombels stilling som blei avslutta før sommaren.

To menn og tre kvinner har vore mellombels tilsette i 2024. Forutan ein mellombels tilsett som har arbeidd i deltidsstilling etter eige ønske, har alle fulle stillingar. Det er derfor ikkje ufrivillig deltid blant dei tilsette.

4.2.2. Likestillingsrapportering

Lønnsstatistikken viser at årslønna for kvinner er 91,2 prosent av årslønna for menn. Dette er ein auke på 3 prosent frå 2023. Tala elles ligg jamt med fjoråret, men for seniorrådgivarar har kvinner si lønn auka med 9 prosent samanlikna med 2023.



Læring gjennom erfaringsdeling:
Deltakarane på Norec sitt utreisekurs diskuterer utfordringar og løysingar for tilsette som skal jobbe internasjonalt på vegner av bedrifter, organisasjonar og institusjonar.

LØNNSOVERSIKT							
ÅR	STILLINGSNIVÅ/ STILLINGSGRUPPE	TAL TILSETTE	TAL KVINNER	TAL MENN	PROSENT KVINNER	PROSENT MENN	ÅRSLØNN KVINNER/MENN I %
2024	Totalt	60	40	20	66,7 %	33,3 %	91,2 %
2023	Totalt	51	36	15	71 %	29 %	88,2 %
2024	1062 Direktør	1	0	1	0	100 %	
2023	1062 Direktør	1	0	1	0	100%	
2024	1060 Avd.direktør	3	2	1	67 %	33 %	98,7 %
2023	1060 Avd.direktør	3	2	1	67 %	33 %	112,1 %*
2024	1211 Seksjonssjef	4	2	2	50 %	50 %	97,8 %
2023	1211 Seksjonssjef	5	4	1	80 %	20 %	98,5 %
2024	1364 Seniorrådgivar Lønn i kroner	16	14	2	87,5 % 722 015	12,5 % 722 900	99,9 %
2023	1364 Seniorrådgivar Lønn i kroner	14	11	3	79 % 719 936	21 % 794 022	90,7 %
2024	1434 Rådgivar Lønn i kroner	31	19	12	61,2 % 622 966	38,8 % 646 195	96,4 %
2023	1434 Rådgivar Lønn i kroner	26	17	9	65 % 616 330	35 % 640 494	96,2 %
2024	1363 Seniorkonsulent	2	2	0	100 %	0 %	
2023	1363 Seniorkonsulent	2	2	0	100 %	0 %	
2024	1429 Aspirant	2	1	1	50 %	50 %	100 %
2023	1429 Aspirant	2	2	0	100 %	0	100 %

*I 2023 hadde vi to avdelingsdirektører, men hadde utskifting undervegs i året. Difor er prosenten på årslønn over 100.
I 2024 har vi tre avdelingsdirektører.

Vi følger Bufdir si anbefaling om å ikkje gi opplysningar om lønn i kroner for grupper med færre enn fem tilsette. Grunnen til dette er at lønnsopplysningane inkluderer tillegg og naturalytingar i tillegg til fastlønn. Ved små grupper blir det derfor rekna som ein risiko for publisering av personopplysningar om ein gir slike opplysningar. Denne risikoen aukar jo mindre gruppa er. I tabellen ovanfor er det derfor lagt inn opplysningar om gjennomsnittslønn på dei stillingsgruppene som har fleire enn fem tilsette.

4.2.3 Sjukefråvær

ÅR	SJUKEFRÅVÆR TOTALT	EIGENMELDT SJUKEFRÅVÆR	LEGEMELDT SJUKEFRÅVÆR
2024	3,46 %	1,31 %	2,15 %
2023	5,07 %	1,35 %	3,72 %
2022	5,34 %	1,88 %	3,46 %

Norec har lenge arbeidd for å redusere sjukefråværet, og på kvart møte i arbeidsmiljøutvalet har vi fokusert på mål og eventuelle tiltak. Utviklinga er framleis positiv: Vi ser ein nedgang på 1,61 prosentpoeng og har difor lukkast med målet om maksimalt 4 prosent sjukefråvær. Heile nedgangen er i legemeldt fråvær, noko som også er ei ønskeleg utvikling, då dette ofte er langtidsfråvær.

4.3 Førebyggande sikkerheit

I 2024 har Norec halde fram med å systematisere arbeidet med førebyggande sikkerheit og beredskap og med risiko- og sårbarheitsanalysen (ROS). For Norec sitt arbeid er dette dei tydelegaste risikoane:

- Terror eller naturkatastrofar på tenestereiser, særleg kurs.
- Helseskadeleg klima og miljø på enkelte av kursdestinasjonane.
- Ustabile geopolitiske forhold.

Med beredskapsplanar, tiltakskort og instruks for sikkerheit på reise som utgangspunkt har Norec sett i verk ei rekke førebyggande og risikoreduserande tiltak. For kvart kurs utarbeider medarbeidarar ein risikoanalyse og kriseplan. Alle medarbeidarar skal gjennomføre FN sitt BSAFE-kurs og levere eit Security Assessment for Employees-skjema (SAFE) saman med reisesøknaden.

Utover dette ser Norec kor viktig det er å øve praktisk på krisesituasjonar, både for eigen sikkerheit og for å kunne vareta deltakarane våre. I 2024 fekk alle tilsette i Norec tilbod om førstehjelpskurs og SEAH-kursing. For å teste planverket gjennomførte vi to skrivebordsøvingar for programavdelinga og éi for leiinga på spesifikke scenario.

Desse øvingane har gitt verdifull innsikt i korleis vi kan forbetre planverk og prosess, og dei har identifisert potensielle svakheiter og omdømmerisiko viss det skjer alvorlege hendingar på eit av kursa våre ute i verda. Desse svakheitene og denne risikoen vil vi jobbe vidare med i 2025 i samråd med departementet. Dette arbeidet blir koordinert av ei arbeidsgruppe med fire medarbeidarar.

4.4 Varslingssaker

I 2024 blei det oppretta elleve nye varslingssaker. Fire av desse gjaldt økonomiske forhold, og seks gjaldt seksuell utnytting, misbruk og trakassering (SEAH). Éi sak gjaldt avtalebrot som ikkje kan definierast som økonomisk misleghald eller SEAH. Seks saker blei avslutta i løpet av 2024, éi av desse med krav om tilbakebetaling til prosjekt.

Norec deltar i månedlege statusmøte for varslingssaker med Sentral kontrollering i UD og Norad sin internrevisjon. Dette sikrar mellom anna at varsel som gjeld tilskotsmottakarar som får støtte frå fleire hald, for eksempel frå både Norec og Norad, blir fanga opp.

4.5 Fellesføringar frå regjeringa

4.5.1 Systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk

Norec har i 2024 starta arbeidet med å utvikle eit systematisk rammeverk for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk. Dette omfattar kartlegging av eigne aktivitetar og innsamling av data for å skape eit solid grunnlag for framtidige avgjerder. Arbeidet skal resultere i ein vesentlegheitsanalyse i samsvar med Miljødirektoratet sine retningslinjer, med ferdigstilling i 2025.

For å få oversikt over Norec sine klimagassutslepp har vi tatt i bruk Greenhouse Gas Protocol ([GHG-protokollen](#)), som deler utsleppa inn i tre kategoriar:

1. Direkte utslepp frå verksemda.
2. Indirekte utslepp frå energiforbruk.
3. Utslepp knytt til heile verdikjeda, inkludert innkjøpte varer, tenester og transport.

For Norec er dei største utsleppa knytte til **utsleppskategori 3**, særleg innan reiseverksemd. Internasjonale flyreiser er essensielle for Norec si kjerneverksemd, som omfattar å støtte internasjonale partnarskap og gi unge menneske arbeidserfaring på tvers av land og verdsdelar. Desse reisene utgjer eit betydeleg klimagassutslepp både internt for tilsette og eksternt for deltakarar og partnerorganisasjonar.



Sikkerheit på reise: Leiar for kommunikasjon, Roger Sevrin Bruland, deler erfaringar med andre statlege tilsette som reiser utanlands i jobben.



Foto: Kristine Folland/Norec

Berekraftig jordbruk for framtida:
Partner Pelum Kenya jobbar for å styrkje småskalabønder med berekraftige jordbruksmetodar som tek vare på både natur og lokalsamfunn.

For å kartlegge og forstå utsleppa har vi nytta offentlege verktøy for klimagassrekneskap ([Nærings- og fiskeridepartementet](#)). I 2024 rapporterte Norec følgande utsleppstal:

- **Utsleppskategori 1 (direkte utslepp frå verksemda):** ingen utslepp.
- **Utsleppskategori 2 (indirekte utslepp frå energiforbruk):** 2,74 tCO₂e (lokasjonsbasert) / 72,44 tCO₂e (marknadsbasert).
- **Utsleppskategori 3 (utslepp knytt til heile verdikjeda, inkludert innkjøpte varer, tenester og transport):** 120,36 tCO₂e.
- **Totalt utslepp:** 123,10 tCO₂e (lokasjonsbasert) / 192,80 tCO₂e (marknadsbasert).

I 2025 vil Norec utvide datainnsamlinga til fleire kategoriar for å få ei meir heilskapleg oversikt over miljøpåverknaden.

Korleis vil klimaendringane påverke verksemda?

Norec blir ikkje direkte råka av klimaendringane, sidan aktiviteten ikkje er ressurs- eller vêravhengig på same måte som for eksempel landbruk, energi eller transport. Likevel kan klimaendringane påverke Norec indirekte gjennom endringar i samfunn og politisk styring. Tiltak for å redusere klimagassutslepp kan føre til strengare krav til reiseverksemd og rapportering av klimarelaterte tiltak. Dette kan få innverknad på korleis Norec legg opp verksemda si.

Vidare planar for berekraftsarbeidet

For å redusere utslepp frå reiseverksemd vil Norec vurdere ulike former for klimagasskompensasjon som eit første steg. Dette kan inkludere investering i klimavotar eller støtte til tiltak som fremmar utsleppskutt.

Når det gjeld energiforbruk (utsleppskategori 2), planlegg Norec saman med andre leigetakarar i bygget i Førde å inngå ein ny straumavtale med opphavsgaranti. Dette vil sikre at straumen kjem frå fornybare kjelder, og vil kunne redusere Norec sine utslepp frå energibruk til nær null. Vidare vil Norec kontinuerleg vurdere nye tiltak for å redusere miljøpåverknaden, særleg innan reiseverksemd, energieffektivisering og meir berekraftige innkjøp.

4.5.2 Positiv utvikling i talet på tilsettingar av personar med funksjonsnedsetting

Norec har hatt ei positiv utvikling i talet på tilsettingar av personar med funksjonsnedsettingar eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring.

For ei lita verksemd vil både talet på tilsettingar totalt og talet på tilsettingar i den aktuelle gruppa variere i stor grad.

I periodar har vi mellombelse oppgåver som kan løysast gjennom vikariat i administrativ tilsetting. Norec har stor vilje til å ta inn kandidatar på arbeidstrening gjennom Nav, og vi ser at dette gir oss auka moglegheit for å tilsette via lønnstilskot eller i ordinært lønna stillingar.

I behovsanalysen som dannar grunnlag for utlysingar, vurderer vi alltid om vi kan tilsette i redusert stilling, eller om stillinga kan delast på to personar i ulike stillingsprosentar. Vi har i tillegg gjort ein del endringar i utlysingsteksten for å synleggjere at alle søkarar er velkomne uavhengig av funksjonsevne.

Arbeidstrening

I store delar av 2024 har vi hatt ein person på arbeidstrening via Nav. Totalt har to personar vore på arbeidstrening hos Norec. Dette tilfører oss stor verdi, og vi er positive til å halde fram med ordninga i det kommande året.

Praksisplass- og traineeordning

Norec tilbyr praksisplass gjennom Universitetet i Bergen, og i første halvår var ein praksisstudent tilknytt seksjon for kunnskap og læring. Gjennom Framtidsfylket si traineeordning tilbyr vi også kvart år trainee-stilling for nyutdanna i eit år.

4.5.3 Reduksjon av konsulentbruken

Norec er ein liten etat med få fagpersonar på felte IT, kommunikasjon, analyse og HR. Vi har fokus på å halde konsulentbruken nede, men har i periodar behov for ekstra ressursar på desse fagfelte. Vi vil også i periodar ha behov for spiss- og fagkompetanse som det ikkje er mogleg eller formålstensleg å ha internt på permanent basis.

I 2024 har vi brukt totalt 2 422 728 kroner på konsulenttenester. Dette er ein nedgang på 1,3 millionar kroner samanlikna med 2023.

I 2024 har vi særleg nytta konsulenttenester til:

- Rekruttering av leiarstilling.
- Ekstern revisjon av varslingsaker.
- Utvikling av IKT-løysing.
- Organisasjonsutviklingsprogram.

Kommunikasjonsbransjen

Kjøp av konsulenttenester frå kommunikasjonsbransjen er bokført med totalt 63 000 kroner. I 2024 er desse innkjøpa hovudsakleg knytte til omsetting og språkvask.

5 VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER

Dei siste tre åra med krig i Ukraina har hatt negative effektar langt utover Europas grenser. Auka prisar på mat og energi, auka migrasjon og omfordeling av nødvendig utviklingsbistand har sett djupe spor i land som allereie er under stort press. Til dømes Sudan, der innbyggjarane opplever ein enorm katastrofe med millionar på flukt, død og mangel på mat og reint vatn.

Ved inngangen til det fjerde året med krig i Ukraina tiltre USA 47. president. Trump har varsla toll og avgifter overfor mange land. Dei økonomiske implikasjonane er enno ukjende, men vi må vere budde på at prisane på varer som også verdas fattigaste treng, framleis kan gå kraftig opp.

Det får dramatiske konsekvensar for millionar av menneske når USA, som står for om lag ein tredel av verdas bistand, frys all støtte i minst 90 dagar og samstundes legg ned sitt eige bistandsdirektorat, USAID. No, i starten av mars, veit vi verken når eller om bistanden vil bli aktiv igjen.

Dette påverkar mange utviklingsorganisasjonar, inkludert Norec, som bidreg til å rekruttere personell til bistandsprosjekt.

Samtidig ser vi at USA trekkjer tilbake støtte til initiativ for mangfald, likestilling og inkludering på arbeidsplassar. Slike tiltak er viktige for å styrke menneskerettane generelt og arbeidstakarrettane spesielt. Dette påverkar arbeidsplassar i privat, frivillig og offentlig sektor – både i USA og i land der amerikanske verksemdar har eigarskap.

Spenninga mellom USA og tidlegare allierte i Europa aukar, medan USA no stemmer saman med Nord-Korea og Russland mot ei fredsresolusjon for Ukraina i FN. I starten av mars 2025 er det vanskeleg å sjå kva framtida vil bringe, både på kort og lang sikt. Difor er det viktigare enn nokon gong å verne om og støtte FN.

Bygger kompetanse globalt: Tehetena Woldemariam og Karoline Roti frå Norec jobbar for å styrkje internasjonalt samarbeid og kompetanseutveksling.



Foto: Kristine Folland/Norec



Foto: Malin Solbakken/Norec

Mangfold som konkurransefortrinn: På Elevate karrierefestival oppmoda Norec-tilsette Saleh Burma bedrifter til å sjå potensialet i folk – også dei utan perfekt språk eller «rett» namn.

FN er ein av verdas viktigaste og mest stabile organisasjonar. Han representerer nesten alle verdas land og har førebygd krig og redusert konflikthar i snart 80 år. FN styrker nasjonal innsats for utsette grupper, hjelper statar med utvikling av styresett og leverer nødhjelp til verdas mest trengande.

Noreg er blant dei største bidragsytarane til FN i reelle tal, men vi er blant dei som er dårlegast representerte med tilsette. Samanlikna med dei fleste andre land synest Noreg nesten ikkje i arbeidskrafta i FN.

Det gjer Norec noko med. Viss vi skal kunne påverke FN som organisasjon og viktig aktør for ei rettferdig verdsordning, må Noreg ta vår plass. Om ikkje vi gjer det, gjer andre land det. Plassen blir ikkje ståande tom. Norec rekrutterer nordmenn til FN og har eit system som gjer at vi kan rekruttere mange fleire.

I tillegg til dei globale utfordringane står Noreg overfor eigne utfordringar.

I Noreg er det låg arbeidsløyse. Framskrivinga i perspektivmeldinga frå i fjor viser at det vil bli større konkurranse om arbeidskrafta i åra som kjem.

Derfor vil Norec måtte jobbe smart på to område:

- Vi skal i denne marknaden tiltrekke oss nokre hundre kandidatar som finn det attraktivt å jobbe i teneste for internasjonale organisasjonar i andre land.
- Vi skal tiltrekke oss kandidatar som finn det attraktivt å jobbe for Norec i Førde.

To viktige strategiar skal hjelpe oss med å møte desse utfordringane: For det første må vi jobbe med mangfold og inkludering for å nytte den kapasiteten som er i befolkninga. For det andre må staten ved politikarar og arbeidsgivarar framstå som føreseielege for å klare å halde på dei tilsette, slik at etaten Norec kan levere dei tenestene vi har fått i oppdrag å levere.

6 ÅRSREKNESKAP 2024

Stadfesting

Årsrekneskapen gir eit dekkande bilde av verksemda sine disponible tildelingar og rekneskapsførte utgifter, inntekter og fordringar og gjeld. Norec fører og rapporterer verksemdsrekneskapen ut frå kontantprinsippet. Årsrekneskapen skal gi eit korrekt uttrykk for ressursbruken dette året. Rekneskapen til Norec blir revidert av Riksrevisjonen, som stadfestar årsrekneskapen. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per dags dato, men det er forventa at revisjonsmeldinga vil vere klar i løpet av andre kvartal 2025.

Førde, 7. mars 2025



Jan Olav Baarøy
Direktør

Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapen for statlege verksemder er utarbeidd og avlagd etter nærmare retningslinjer som er fastsette i føresegnene om økonomistyring i staten («føresegnene»). Årsrekneskapen er i samsvar med krav i punkt 3.4.1 i føresegnene, nærmare føresegner i rundskriv R-115 av desember 2022 frå Finansdepartementet og eventuelle tilleggskrav som er fastsette av overordna departement.

Oppstillinga av løyvings- og artskontorapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i punkt 3.4.2 i føresegnene – dei grunnleggande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følger kalenderåret.
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- c) Rekneskapen er utarbeidd etter kontantprinsippet.
- d) Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med bruttobeløp.

Oppstillingane av løyvings- og artskontorapportering er utarbeidde etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krav i punkt 3.5 i føresegnene, der det står korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja Netto rapportert til løyvingsrekneskapen er lik i begge oppstillingane.

Verksemda er etter punkt 3.7.1 i føresegnene knytt til konsernkontoordninga for staten i Noregs Bank. Bruttobudsjetterte verksemder blir ikkje tilførte likviditet gjennom året, men har rett til trekk på konsernkontoen. Ved overgang til nytt rekneskapsår blir saldoen på den enkelte oppgjerskontoen nullstilt.

Løyvingsrapporteringa

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa inneheld ein øvre del med løyvingsrapportering og ein nedre del som viser den behaldninga verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Rapporten er stilt opp etter dei kapitla og postane i løyvingsrekneskapen som verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonnen for samla løyving viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle eigedelar og plikter verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen i staten.

Mottatte fullmakter til å belaste eit kapittel / ein post hos ei anna verksemd (belastningsfullmakter) står ikkje i kolonnen for samla tildeling, men er omtala i note B til løyvingsoppstillinga. Utgiftene knytte til mottatte belastningsfullmakter er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen og står i kolonnen for rekneskap.

Gitte belastningsfullmakter er inkluderte i kolonnen for samla tildeling, men blir ikkje bokførte og rapporterte til statsrekneskapen av verksemda sjølv. Dei gitte belastningsfullmaktene blir bokførte og rapporterte av verksemda som har fått belastningsfullmakta, og er derfor ikkje oppførte i kolonnen for rekneskap. Dei gitte fullmaktene kjem fram i note B til løyvingsoppstillinga.

Artskontorapporteringa

Oppstillinga av artskontorapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser eigedelar og gjeld som går inn i mellomvære med statskassa. Artskontorapporteringa viser rekneskapstal verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har ein rett til trekk på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsførte og derfor ikkje oppførte som inntekt i oppstillinga.

Rekneskapstal i løyvings- og artskontorapporteringa med notar viser rekneskapstal rapporterte til statsrekneskapen. I tillegg viser noten til Samanheng mellom avrekning med statskassa og mellomvære med statskassa i artskontorapporteringa bokførte tal frå verksemda sin kontospesifikasjon i kolonnen Spesifisering av bokført avrekning med statskassa. Noten viser forskjellen mellom beløp verksemda har bokført på eigedels- og gjeldskontoar i verksemda sin kontospesifikasjon (inkludert saldo på kunde- og leverandørreskonto), og beløp verksemda har rapportert som fordringar og gjeld til statsrekneskapen, og som inngår i mellomværet med statskassa.

Verksemda har innretta bokføringa slik at ho oppfyller krava i føresegnene om økonomistyring i staten. Dette inneber at alle opplysningar om transaksjonar og andre rekneskapsmessige disposisjonar som er nødvendige for å utarbeide pliktig rekneskapsrapportering, jf. punkt 3.3.2 i føresegnene, og spesifikasjon av pliktig rekneskapsrapportering, jf. punkt 4.4.3 i føresegnene, er bokførte. Føresegnene krev mellom anna utarbeiding av kundespesifikasjon og leverandørspesifikasjon. Dette medfører at sals- og kjøpstransaksjonar blir bokførte i kontospesifikasjonen på eit tidlegare tidspunkt enn dei blir rapporterte til statsrekneskapen, og inneber kundefordringar og leverandørgjeld i kontospesifikasjonen.

Oppstilling av bevilgningsrapportering 31.12.2024

Utgiftskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Samlet tildeling	Regnskap 2024	Merutgift (-) og mindreutgift
0144	Norsk senter for utviklingssamarbeid	01	Driftsutgifter	63 784 000	62 636 255	1 147 745
0144	Norsk senter for utviklingssamarbeid	70	Utvekslingsordninger	133 816 000	132 813 015	1 002 985
0144	Norsk senter for utviklingssamarbeid	71	Rekruttering til internasjonale organisasjoner	50 267 000	50 065 835	201 165
0170	Sivilt samfunn	70	Sivilt Samfunn	6 457 000	6 421 301	
1633	Nettoordning, statlig betalt merverdiavgift	01	Nettoordning for mva i staten	0	2 036 398	
Sum utgiftsført				254 324 000	253 972 803	

Inntektskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Samlet tildeling	Regnskap 2024	Merinntekt og mindreinntekt(-)
5700	Folketrygdens inntekter	72	Arbeidsgiveravgift - inntekt	0	5 441 985	
Sum inntektsført				0	5 441 985	

Netto rapportert til bevilgningsregnskapet					248 530 818	
Kapitalkontoer						
60092101	Norges Bank KK /innbetalinger				2 952 796	
60092102	Norges Bank KK/utbetalinger				-251 667 015	
701111	Endring i mellomværende med statskassen				183 402	
Sum rapportert					0	

Beholdninger rapportert til kapitalregnskapet (31.12)						
Konto	Tekst	2024	2023	Endring		
701111	Mellomværende med statskassen	-2 703 971	-2 887 373	183 402		

Note A Forklaring av samlet tildeling utgifter

Kapittel og post	Overført fra i fjor	Årets tildelinger	Samlet tildeling
144.01	787 000	62 997 000	63 784 000
144.70	339 000	133 477 000	133 816 000
144.71	267 000	50 000 000	50 267 000
170.70		6 457 000	6 457 000

Note B Forklaring til brukte fullmakter og beregning av mulig overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Merutgift(-)/ mindre utgift	Utgiftsført av andre iht. avgitte belastningsfullmakter(-)	Merutgift(-)/ mindreutgift etter avgitte belastningsfullmakter	Merinntekter / mindreinntekter(-) iht. merinntektsfullmakt	Omdisponering fra post 01 til 45 eller til post 01/21 fra neste års bevilgning	Innsparinger(-)	Sum grunnlag for overføring	Kompensasjon for lønnsoppgjøret 2024	Maks. overførbart beløp*	Mulig overførbart beløp beregnet av virksomheten
144.01	Driftsutgifter	1 147 745		1 147 745				1 147 745	963 000	4 064 700	1 147 745
144.70	Spesielle driftsutgifter	1 002 985		1 002 985				1 002 985		6 673 850	1 002 985
144.71	Tilskudd	201 165		201 165				201 165		2 500 000	201 165
170.70	Internasjonale rekrutteringer	35 700		35 700				35 700		322 850	35 700

*Maksimalt beløp som kan overføres er 5% av årets bevilgning på driftspostene 01-29, unntatt post 24 eller sum av de siste to års bevilgning for poster med stikkordet "kan overføres".
Se årlig rundskriv R-2 for mer detaljert informasjon om overføring av ubrukte bevilgninger.

Oppstilling av artskontorapporteringen 31.12.2024

	Note	2024	2023
Driftsinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Innbetalinger fra gebyrer	1	0	0
Innbetalinger fra tilskudd og overføringer	1	0	0
Salgs- og leieinnbetalinger	1	0	0
Andre innbetalinger	1	0	0
Sum innbetalinger fra drift		0	0
Driftsutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Utbetalinger til lønn	2	44 252 949	40 556 931
Andre utbetalinger til drift	3	25 830 879	27 762 052
Sum utbetalinger til drift		70 083 828	68 318 983
Netto rapporterte driftsutgifter		70 083 828	68 318 983
Investerings- og finansinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Innbetaling av finansinntekter	4	195	0
Sum investerings- og finansinntekter		195	0
Investerings- og finansutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Utbetaling til investeringer	5	1 322 075	406 518
Utbetaling til kjøp av aksjer		0	0
Utbetaling av finansutgifter	4	666	923
Sum investerings- og finansutgifter		1 322 741	407 441
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		1 322 546	407 441
Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten			
Innbetaling av skatter avgifter gebyrer m.m.	6	0	0
Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten		0	0
Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten*			
Utbetalinger av tilskudd og stønader	7	180 530 031	171 844 797
Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten		180 530 031	171 844 797
Inntekter og utgifter rapportert på felleskapitler **			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309 inntekt)		0	0
Arbeidsgiveravgift konto 1986 (ref. kap. 5700 inntekt)		5 441 985	5 089 474
Nettoføringsordning for merverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633 utgift)		2 036 398	1 927 897
Netto rapporterte utgifter på felleskapitler		-3 405 587	-3 161 577
Netto rapportert til bevilgningsregnskapet		248 530 818	237 409 644
Oversikt over mellomværende med statskassen			
Eiendeler og gjeld		2024	2023
Fordringer på ansatte		84 000	0
Konter		0	0
Bankkontoer med statlige midler utenfor Norges Bank		0	0
Skyldig skattetrekk og andre trekk		-1 597 571	-1 751 140
Skyldige offentlige avgifter		0	0
Avsatt pensjonspremie til Statens pensjonskasse		-1 197 700	-1 124 351
Mottatte forskuddsbetalinger		0	0
Lønn (negativ netto for mye utbetalt lønn m.m)		7 300	13
Differanser på bank og uidentifiserte innbetalinger		0	-11 895
Sum mellomværende med statskassen	8	-2 703 971	-2 887 373

Note 1 Innbetalinger fra drift	31.12.2024	31.12.2023
Innbetalinger fra gebyrer		
Sum innbetalinger fra gebyrer	0	0
Innbetalinger fra tilskudd og overføringer		
Sum innbetalinger fra tilskudd og overføringer	0	0
Salgs- og leieinnbetalinger		
Sum salgs- og leieinnbetalinger	0	0
Andre innbetalinger		
Sum andre innbetalinger	0	0
Sum innbetalinger fra drift	0	0

Note 2 Utbetalinger til lønn	31.12.2024	31.12.2023
Lønn	33 878 601	32 534 258
Arbeidsgiveravgift	5 441 985	5 089 474
Pensjonsutgifter*	4 141 048	3 090 606
Sykepenger og andre refusjoner (-)	-812 370	-1 553 789
Andre ytelser	1 603 685	1 396 383
Sum utbetalinger til lønn	44 252 949	40 556 931
Antall utførte årsverk:	44	41

* Premiesatsen for arbeidsgiverandelen utgjorde i 2024 11,95 prosent (arbeidsgiverandel av pensjonspremien/pensjonsgrunnlaget i 2024 rapportert til SPK). For regnskapsåret 2023 utgjorde premiesatsen 10,3 prosent.

Note 3 Andre utbetalinger til drift	31.12.2024	31.12.2023
Husleie	2 846 330	3 650 929
Vedlikehold egne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehold og ombygging av leide lokaler	0	0
Andre utgifter til drift av eiendom og lokaler	1 156 988	199 388
Reparasjon og vedlikehold av maskiner utstyr mv.	476	0
Mindre utstyrskaffelser	142 490	102 057
Leie av maskiner inventar og lignende	1 738 844	1 327 733
Kjøp av konsulenttenester	2 422 728	3 254 324
Kjøp av andre fremmede tjenester	2 563 155	2 553 702
Reiser og diett	3 632 771	3 629 136
Øvrige driftsutgifter	2 556 979	4 012 856
Kurs kostnader (kappost tilskudd)	8 770 118	9 031 927
Sum andre utbetalinger til drift	25 830 879	27 762 052

Note 4 Finansinntekter og finansutgifter	31.12.2024	31.12.2023
Innbetaling av finansinntekter		
Inntekter fra eiendeler i selskap m.m	0	0
Salgssum ved realisasjon av verdipapirer	0	0
Renteinntekter	0	0
Valutagevinst	195	0
Annen finansinntekt	0	0
Sum innbetaling av finansinntekter	195	0
Utbetaling av finansutgifter		
Renteutgifter	666	771
Valutatap	0	152
Annen finansutgift	0	0
Sum utbetaling av finansutgifter	666	923

Note 5 Utbetaling til investeringer og kjøp av aksjer	31.12.2024	31.12.2023
Utbetaling til investeringer		
Immaterielle eiendeler og lignende	0	0
Tomter bygninger og annen fast eiendom	0	0
Infrastruktureiendeler	0	0
Maskiner og transportmidler	0	0
Driftsløsøre inventar verktøy og lignende	1 322 075	406 518
Sum utbetaling til investeringer	1 322 075	406 518
Utbetaling til kjøp av aksjer		
Kapitalinnskudd	0	0
Obligasjoner	0	0
Investeringer i aksjer og andeler	0	0
Sum utbetaling til kjøp av aksjer	0	0

Note 6 Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten		
Tilfeldige og andre inntekter (Statskonto 530929)	0	0
Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten	0	0

Note 7 Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten	31.12.2024	31.12.2023
Tilskudd til internasjonal rekruttering	50 267 000	47 733 257
Uttekslingsordninger	124 042 896	124 111 539
Kurs	8 770 118	9 031 927
Demokratistøtte	6 421 301	
Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten	189 501 315	180 876 723
Tilskudd ført drift jf. note 3	-8 770 118	-9 031 927
Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten	180 530 031	171 844 797

Note 8 Sammenheng mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen

Forskjellen mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen

	31.12.2024	31.12.2024	Forskjell
	Spesifisering av bokført avregning med statskassen	Spesifisering av rapportert mellomværende med statskassen	
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler*	0	0	0
Obligasjoner	0	0	0
<i>Sum</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Omløpsmidler			
Kundefordringer	0	0	0
Andre fordringer	84 000	84 000	0
Bankinnskudd kontanter og lignende	0	0	0
<i>Sum</i>	<i>84 000</i>	<i>84 000</i>	<i>0</i>
Langsiktig gjeld			
Annen langsiktig gjeld	0	0	0
<i>Sum</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-2 467 588	0	-2 467 588
Skyldig skattetrekk	-1 597 571	-1 597 571	0
Skyldige offentlige avgifter	0	0	0
Annen kortsiktig gjeld	7 300	-1 190 400	1 197 700
Gjeld vedrørende tilskuddsforvaltning	-7 477 807	0	-7 477 807
<i>Sum</i>	<i>-11 535 666</i>	<i>-2 787 971</i>	<i>-8 747 695</i>
Sum	-11 451 666	-2 703 971	-8 747 695



Norec
Norsk senter for utvekslingssamarbeid

Fjellvegen 9
6800 Førde

Tlf: +47 57 99 00 00
www.norec.no
norec@norec.no

Alle foto: Norec